

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 18/9048-4

## **Forvaltningsrevisjon - Informasjonstryggleik - eventuell kansellering av prosjektet**

**Saka vert lagt fram utan tilråding**

### **Vedlegg:**

- Bestilling
- Saksframlegg KU-sak 50/18
- Prosjektplan

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Kontrollutvalet vedtok 20.11.18 i KU-sak 50/18 å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleiken i fylkeskommunen etter å ha vurdert dette prosjektet opp mot forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Bestillinga vart sendt Deloitte AS dagen etter. Kontrollutvalet ynskte å få prosjektet ferdig til handsaming i fylkestinget i juni 2019. Kontrollutvalsleiar fekk dermed i samråd med kontrollsjef fullmakt til å godkjenne prosjektplan for prosjektet. Godkjenning vart sendt Deloitte AS 10. desember.

### **2. Vurderingar**

Det har i etterkant av dette kome signal frå administrasjonen med argumentasjon for at prosjektet ikkje bør gjennomførast no. Administrasjonen ved assisterande fylkesrådmannen var i dialog med kontrollutvalsleiar og kontrollsjef 19. desember, der det kom fram følgjande:

- Gjennomføring av forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik no vil gje lite læringseffekt. Ein arbeider no med endringar både organisasjonsmessig og systemmessig i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune til Vestland fylkeskommune. Det skal eksempelvis på plass nytt saks- og arkivsystem og løns- og personalsystem.

- I tillegg er det veldig stort arbeidstilfang på dei tilsette innan IT i fylkeskommunen no og framover i samband med samanslåinga av dei to fylkeskommunane. Gjennomføring av dette prosjektet no, vil gje ekstra belastning på dei tilsette.

Assisterande fylkesrådmann har på bakgrunn av desse forholda tatt kontakt med kontrollutvalet for å få utvalet til å vurdere gjennomføringa av prosjektet på nytt.

Gjennomføringa av prosjektet skal gå føre seg i perioden fram mot leveringstidspunktet 6. mai. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen skriv revisor at det er naudsynt at fylkeskommunen sender etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som er sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju, og at respondentar i ei eventuell spørjeundersøking svarar på undersøkinga innan fristen. Fylkeskommunen har bedt om 14 dagar forlenging på fristen for oversending av etterspurd dokumentasjon, noko som er med å skape risiko for at tidsfristane i prosjektet kan sprekke.

Kontrollutvalsleiaren har på bakgrunn av innspelet frå assisterande fylkesrådmann bedt kontrollsjefen om å kalle inn til eit telefonmøte før jul, slik at denne vurderinga kan bli gjort.

### **3. Konklusjon**

Kontrollutvalsleiar ber kontrollutvalet vurdere gjennomføring av forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i eit telefonmøte 21. desember kl. 10.00.